

Lovfesta rett til heiltid

LO i Ytre Sogn har i fleire år teke til orde for lovfesting av retten til heiltid.

Vi har gjort det fordi deltidsstilling gir ikkje høg nok til løn til å vere økonomisk sjølvberga. Det er som oftast kvinner som går i deltidsstillingar. Dermed er deltid også ein barriere mot det å vere økonomisk uavhenging av partner – noko som avgrensar likestilling mellom kvinner og menn.

Deltidstilsette må for å skaffe seg ei større inntekt, kjempe seg til vakter og sjonglere mellom fleire jobbar og fleire arbeidsplassar. Dette gjer privatlivet vanskeleg. Deltidsstilling gir i tillegg redusert pensjonsopptening.

Men det er også eit forhold at omsorgstrengjande, både utafor og innafor institusjon, vil vere betre tente med å forholde seg til færre tilsette. Også dette talar for heiltid.

LO i Ytre Sogn vil også kommentere at det er mange av dei tilsette innafor omsorg som går i redusert stilling etter eige ønskje. Dette har opplagt samanheng med at yrket er svært krevjande og at grunnbemanninga ikkje er høg nok. På mange sjukeheimar og andre nærståande omsorgstilbod, er det ikkje god nok bemanning til at dei tilsette kan by pasientar og eldre gode nok aktivitetstilbod. Også dette talar for at kommuneøkonomien må styrkast, slik at fleire heiltidstilsette er mogleg.

På denne bakgrunnen vil LO i Ytre Sogn stille seg bak at det blir gjort endringar i arbeidsmiljølova som styrkar retten til heiltid.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine forslag er desse:

- lovfeste ei heiltidsnorm og innføre ei dokumentasjons- og drøftingsplikt ved tilsetjing i deltidsstilling som forpliktar arbeidsgjevar til å dokumentere behovet for å bruke deltid og drøfte spørsmålet med tillitsvalde
- styrke fortrinnsretten for deltidstilsette ved å gje desse fortrinnsrett til ekstravakter og liknande framfor at arbeidsgjevaren føretek ny tilsetjing
- lovfeste at fortrinnsretten for deltidstilsette også skal gjelde framfor at arbeidsgjevaren føretek innleige i verksemda.

Dersom slike lovendringar ikkje gir ei radikal forbetring av situasjonen, må ein kome tilbake med sterkare verkemiddel.

For LO i Ytre Sogn
Lars Kjetil Skeie, leiar